



MULTICONULT NORGE AS
Att.Mona Presthus
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

Vår ref
2025/668-3

Dykkar ref

Saksbehandlar
Sigurd Vie Alme
tlf:91784800

Dato
22.08.2025

Gjennomført oppstartsmøte to reguleringsplanar: Bergene - Løskam [planID 34320172] og Mosendsletten - Sanden [planID 34320173]

Oppstartsmøte gjennomført 22.08.25 for to reguleringsplanar: Bergene - Løskam [planID 34320172] og Mosendsletten - Sanden [planID 34320173].

Frammøte

Lesja kommune: Sigurd Alme (fungerande leiar forvaltning).

Multiconsult Norge AS: Mona Presthus, Kristian Brødreskift.

Bane NOR SF: Magnus Billing, Hulda Osen Gjølberg, Åge Sjørmark, Arne Marius Holden Utne.

Oppdragsgivar for planane er Bane NOR SF, og planarbeidet utførast av Multiconsult Norge AS. Multiconsult presenterte utkast av planane og formålet med dei, og Bane NOR gidde utfyllande kommentarar til kommunenes spørsmål undervegs. Planinitiativa er vedlagt.

- Bergene - Løskam får tildelt planID: 34320172.
- Mosendsletten - Sanden får tildelt planID: 34320173.

Merknadar frå Lesja kommune til planinitiativa:

1. Lesja kommune er positive til formålet med planane som er å betre sikkerheit.
2. Planinitiativet er godt utarbeid og oversiktleg.
3. Lesja kommune har mottatt fleire førespurnadar frå gardbrukarar som opplever å ha for lite informasjon om ynskja tiltak frå Bane NOR. Førespurnadane har i hovudsak vert negative med tanke på lenger ferdsselsveg til landbruksareal.
 - a. Plankonsulent sender snarleg ut informasjon knytt til oppstart av planprosessen. Ein legger også opp til folkemøte der ein visar fram planane og lyttar til innspel. Lesja kommune ber om invitasjon til folkemøte.
4. Ein anbefaler at fjerning av kryssingar og ny veg visast i oversikt bilde av planområdet. Det tydeleggjer kva som er tenkt og omfanget.
5. Rauma vassdrag er verna. Legg til forskrift i rammer og føring for planarbeidet:
Rikspolitisk retningslinjer for vernevassdrag.
6. Kommunedelplan for Lesja kommune setter retningslinjer for arealforvaltning. Handlingsplan er vedlagt, og under moment som inkluderast i planarbeidet:
 - a. Det krevjast naturkartlegging av planområdet.
 - i. Stor delar av planområde er dyrkamark, veg og toglinje så arbeidsmengda og kostnad for kartlegging er ikkje forventa å vere høg.

- b. Ein skal legge opp til å minimere tap av natur.
 - i. Det skal ikkje byggas ned trua naturtypar eller myr i Lesja, og som hovudregel skal man bevare dyrka- og dyrkbar jord.
 - ii. Utvalde naturtypar, ansvarsarter og rødlista arter, skal få eigne omsynssonar med føresegn i reguleringsplanar.
 - iii. I alle nye reguleringsplanar setjast de føresegn mot framandartar.
- c. Ved overvasshandtering skal naturbaserte løysningar brukast, ein skal unngå lukking av vassdrag.


7. Friluftsliv

- a. Brekkelivegen er mykje brukt til ferdsel for gåande og syklande med kryssing av jernbane over til gang- og sykkelveg langs E136. Gang- og sykkelveg er ført til Bjarli, og ein forventar at vert auka ferdsel frå Bjarli til Brekkelivegen framover med kryssing av dalføret for rundtur.

Til kommunens kjennskap vert følgjande kryssingar hovudsakleg brukt:

- i. Km 396,018 Øygardsmoen, brukast av gåande og syklande. Leder ned til rastepllass med elva og gangbru over Rauma,
- ii. Km 395,050 Rusten, brukast av gåande og syklande.
- iii. Km 394,15 Bergene, brukast av gåande og syklande.
- iv. Km 393,236 Øyan, kryssingspunkt for biler, syklande og gåande som skal bruke turnettverk mot Grønfossen. Kan også vere aktuelt for trakkemaskin å krysse her for langrennstrase satsing av løypelaget.
- b. Generelt heile «baksida» (sør sida av dalføret) vert mykjer brukt til friluftsliv. Nettverk av grusvegar i lett terrenget som er fine å bruke til tur og sykling, på vinteren vert det køyrd opp langrennstrase med snøskuter. Langrennstrase snur/stopper under Toftan.

8. Avkjøring frå Bergene til E136 fram står meir oversiktleg og trygg om den leggjast lenger aust, skissert lilla område i figur under. Kan truleg også spare litt dyrka mark ved å unngå parallel veg ved Svendsrud.



Følgjande lokale høyringspartar som må inkluderast i varsle og høyring

Bergene - Løskam [planID 34320172]:

- Bjarli og Rånå grenaudtvalg
- Lesjaskog grenaudtvalg
- Lesja og Lesjaskog bondelag
- Lesja/ Dovre Bonde og Småbrukarlag

- Lesjaskog viltlag
- Lesjaskog beitelig
- Bjarli Lesja løypelag
- Lesjaskog idrettslag
- Lesja og Dovre Skogeierlag
- Sameiet Brekkelivegen
- Fjellnett AS (straumnett)

Mosendsletten - Sanden [planID 34320173]

- Lesjaverk grendeutvalg
- Nordmo grendeutvalg - nordmogrendeutvalg@gmail.com
- Lesja grunneierlag
- Lesja og Lesjaskog bondelag
- Lesja/ Dovre Bonde og Småbrukarlag
- Lordalen beitelig
- Lesja idrettslag
- Lesja og Dovre Skogeierlag
- Fjellnett AS (straumnett)

Om partane ikkje er offentleg registrert gi beskjed så oversende vi kontakt informasjon.

Lykke til med planarbeidet. Ta kontakt med det er spørsmål.

Ved ein eventuell førespurnad ber vi om at saksnummeret, som er 2025/668, blir oppgjeve.

Med helsing

Sigurd Vie Alme
fungerende avdelingsleder
Forvaltning

Dokumentet er elektronisk og sendast utan signatur.

Vedlegg

- 1 10252587-12-PLAN-PBL-NOT-001-Planinitiativ - Mosendsletten - Sanden.pdf
- 2 10252587-16-PLAN-PBL-NOT-001-Planinitiativ - Bergene.pdf

Kopi til:

BANE NOR SF

Postboks 4350

2308

HAMAR

Plankosulent Multiconsult